

## MØTEPROTOKOLL

|  |
|--|
|  |
|--|

| Råd                                       | Møtedato                 | Tidspunkt                                 |
|---|--------------------------|---|
| Herdla sokneråd                           |                          |   |
| Sak frå : 64 / 2018<br>Sak til: 72 / 2018 | Onsdag 12 september 2018 | <u>Møtestad:</u><br>Herdla kyrkjelydshus. |

Frammøtte: 5 av 7 medlemmer, 1 varamedlem

Til stades

**Medlemer:**

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

**Varamedlem:** Gunnvor Eggebø Næss.

**Meldte forfall:**

Einy Daviknes og Solfrid Kongshaug Aase.

Andre frammøtte:

**Sak / år:**

**64/2018: Møteprotokoll frå møte 22 august vart godkjent.**

**65/ 2018: Meldingar:** Ingen meldingar.

**66/ 2018: Gudstenesteliste:**

**29/08: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.**

02/09: kl.11.00:Hovudgudsteneste v/ Michal Møgster. Offer: Eige arbeid. Sjøvegs/kyrkjereis.

Ansvarleg: Alle team.

.....  
16/09: **Kl 10.30:** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Ungdomsarb. på Askøy.

16/09: **Kl. 12.30:**Konfirmasjonsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Ungdomsarb. På Askøy.

Ansvarleg på gudstenestene: Alle team.

**19/09: Kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. ( I kyrkja)**

30/09: kl.11.00: Familiegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Søndagskulen. Utdeling av 6 årsbok. Ansvarleg: Team 2.

**67/ 2018 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:**

02/09: Eige punkt.

16/09: Eige punkt.

19/09: Gudstjeneste i kyrkja spesielt for bebuarar på eldresenteret, men og andre. Vi byrjar med kaffi kl.16.30 og gudsteneste kl.17.00.

30/09: Familiegudsteneste der også Bergliot Gjedrem er med.

**68/2018: Evaluering av Sjøveis/Kyrkjereis 2 september 2018:**

Positivt: Fin gudsteneste med gamal liturgi. Positivt at nokon gjekk i «gamle» kyrkjeklede og presten i gamal prestekjole. Kåseriet etter gudstenesta var vellukka og vart framført inni kyrkja. Det historiske spelet etterpå vart fint og viste godt korleis det var når steinen skulle fraktast til kyrkja .Avslutning med fine ord og song.

Negativt: Mangel på annonsering i mange aviser, som var avtalt. Konfirmantane måtte delta i gudstenesta med kapper, noko som ikkje var brukt i den tida.

Det vart litt knapp tid for folket å gå ned i Herdlevågen for å sjå byrjinga av spelet.

Det er ynskje om å laga ein minnevarde av steinen.

**69/2018:Konfirmasjon 16 september 2018 :**

Det er 2 gudstenester den dagen og vi fordelte arbeidsoppgåver. Vi møter tidlig og ordner til. Det skal delast ut papirprogram. Solist skal syngja 2 songar på kvar gudsteneste.

**70/2018: Status kyrkjelydshuset:**

Det er satt opp nye panelplater i nordre delen av salen i sommar.

Planar vidare: Mala resten av salen og gangen. Trappa treng og behandling/ maling. Oppe treng romma oppussing.

Ute treng det vask og maling av søre vegg og å pusse døra.

Handikapolettet må ryddast slik at der vert betre plass.

**71/2018: Aktivitetskveldar haust 2018 og vår 2019:**

Starter opp med aktivitetskveldar i kyrkjelydshuset. Den første er torsdag 15 november. Det kom fram forskjellige ideer med fokus på gjenbruk.

**72/2018: Eventuelt:**

Pengar vi sender til ungdomsarbeidet:

Vedtak: Vi sender kr. 26000 til ungdomsarbeidet pr.år.

Astrid Marie informerte frå ledarmøte.

Pilgrimsturen.29/9: Huske å kunngjere i kyrkja. Det står grei informasjon i Amen.

**Neste møte vert tirsdag 2 oktober. (obs. ny dato)**

Håpolden, 24 september 2018.

*Reidun Håpoldøy.*

Referent.